

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 12.10.05 **Tid:** 15.00 – 20.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6, inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Janne Drevsjø

**I staden møtte:**

**Frode Bjørnås** fekk permisjon, og var ikkje med under handsaming av sakene f.o.m. sak 50.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Ordførar og administrasjonssjef.

Miljø- og landbrukssjef var med under handsaming av sakene til og med sak 47.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 14. oktober 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** viste til utsett sak hyttetomt på Solheim som er utsett i påvente av ny kommuneplan. Han ba om at denne vert lagt fram for utvalet snarast.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Reguleringsplan for Bjørkheim – status. Utvalet ønskjer å handsama saka om godkjenning av planen i neste møte.

Arnatunnelen – kommunal vegnemnd vil laga utkast til uttale som vert sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

Adhoc-utvalet for miljø, kraft m.m. har problem med å finna møtetidspunkt som høver for alle. Dette har gjort at dei enda ikkje har hatt møte.

Notat om oppdeling av landbrukseigedomar dagsett 04.10.2005 vart drøfta inngåande. Søknad om oppdeling av eigedom på Liøynæ vert lagt fram for utvalet med det første.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0042/05	05/00252 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 44, BNR 70 GAUPHOLM. SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING I LNF OMRÅDE.</b>
0043/05	03/00357 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.27 BNR.83 INDRE TYSSE</b>
0044/05	05/00176 <b>DISPENSASJON FRÅ STRANDLOVA.</b>
0045/05	05/00330 <b>DELINGSSAK GNR 22, BNR 2 LAUVSKAR.</b>
0046/05	05/00314 <b>SØKNAD OM LØYVE TIL Å RIVA OG BYGGJA NY HYTTE PÅ GNR.34 BNR.134 EIK GNR 34, BNR 134.</b>
0047/05	05/00169 <b>DELINGSSAK GNR 24, BNR 1.- KLAGE</b>
0048/05	05/00087 <b>NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.</b>
0049/05	05/00181 <b>SAL AV GNR 26, BNR 27 OG 31 - HAGAMULEN.</b>
0050/05	05/00292 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.11 BNR.7 SKAR</b>
0051/05	03/00410 <b>VEDTEKT TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 105 OM UTFORMING OG PLASSERING</b>

0052/05

03/00335

**SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKT GBNR  
44/3,17 - NORVALL JOHNSEN**

0053/05

05/00352

**DISPENSASJON FRÅ FØRESEGNER TIL  
REGULERINGSPLAN I EIKEDALEN**

0042/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST GNR 44, BNR 70 GAUPHOLM.  
SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING I LNF OMRÅDE.**

**Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring på plassen.

**Øyvind Røen** sette fram slikt framlegg:

Det vert ikkje gjeve løyve til bygging av naust på gnr. 44 bnr. 70 Gaupholm. Kommunen ser ikkje at det ligg føre særlege grunnar for dispensasjon.

**Olaug K Øystese** sette fram slikt framlegg:

Søkjjar får med dette byggjeløyve for naust på gnr. 44 bnr. 70 Gaupholm. Det vert med dette gjeve dispensasjon frå forbod mot bygging i 100 m beltet langs sjø.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. Framlegget frå Røen fekk 3 røyster. Det same fekk framlegget frå Øystese.

Med leiaren si røyst vart Røen sitt framlegg vedteke.

**Vedtak:**

Det vert ikkje gjeve løyve til bygging av naust på gnr. 44 bnr. 70 Gaupholm. Kommunen ser ikkje at det ligg føre særlege grunnar for dispensasjon.

0043/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR.27 BNR.83 INDRE TYSSE**

**Framlegg til vedtak::**

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.27 bnr.83 Indre Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.14.07.05

Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Søkjjar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring på staden.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.27 bnr.83 Indre Tysse.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad dgs.14.07.05

Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Søkjær er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0044/05

### **DISPENSASJON FRÅ STRANDLOVA.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan og bygningslova § 7 ikkje gjeve dispensasjon til byggjeløyve på gnr/bnr 24/65 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 9 gjeve løyve til bygging på gnr/bnr 24/65 i Samanger kommune.

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring på plassen.

**Olaug K Øystese** sette fram slikt framlegg:

Kommunen er villig til å sjå på ein dispensasjonssøknad når søknad om eit konkret tiltak ligg føre.

Ved røysting alternativ over framlegg til vedtak og framlegg frå Øystese fekk framlegget frå Øystese 4 røyster og framlegg til vedtak 2 røyster.

#### **Vedtak:**

Kommunen er villig til å sjå på ein dispensasjonssøknad når søknad om eit konkret tiltak ligg føre.

0045/05

### **DELINGSSAK GNR 22, BNR 2 LAUVSKAR.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon frå eksisterande kommuneplan til frådeling av ei nausttuft på 100 m<sup>2</sup> på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune. Grensene på nausttufta skal stå rettast mot sjøen, slik at område sett av som naustområde i ny kommuneplan vert nytta best mogleg.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele i frå ei nausttuft på 100 m<sup>2</sup> på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune.

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

#### **Vedtak:**

Det vert etter plan og bygningslova § 7 gjeve dispensasjon frå eksisterande kommuneplan til frådeling av ei nausttuft på 100 m<sup>2</sup> på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune. Grensene på

nausttufta skal stå rettast mot sjøen, slik at område sett av som naustområde i ny kommuneplan vert nytta best mogleg.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele i frå ei nausttuft på 100 m<sup>2</sup> på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune.

0046/05

**SØKNAD OM LØYVE TIL Å RIVA OG BYGGJA NY HYTTE PÅ GNR.34 BNR.134 EIKEDALEN GNR 34, BNR 134.**

**Framlegg til vedtak::**

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet i kommuneplan om regulering.

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til å riva eksisterande hytte på gnr.34 bnr.134. Det vert gjeve rammeløyve for ny hytte på same tomten.

Eksisterande avkjøring frå riksveg 7 skal nyttast. Eventuelt må denne stengast og ny avkjøring, som skal godkjennast av vegkontoret, kan byggjast.

Ny vegtrase til tomten skal godkjennast av teknisk eining.

Utover avkjøring og vegtrase er rammeløyvet gjeve i samsvar med søknad dgs.30.08.05.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta og nytta vassklosett. Avløp skal gå via minireinseanlegg i samsvar med søknad. Det skal byggjast ny infiltrasjonsgrøft for avløp frå minireinseanlegget.

Søknader om ansvarsrettar vert godkjent og fylgjer kvittert i retur.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet i kommuneplan om regulering.

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve løyve til å riva eksisterande hytte på gnr.34 bnr.134. Det vert gjeve rammeløyve for ny hytte på same tomten.

Eksisterande avkjøring frå riksveg 7 skal nyttast. Eventuelt må denne stengast og ny avkjøring, som skal godkjennast av vegkontoret, kan byggjast.

Ny vegtrase til tomten skal godkjennast av teknisk eining.

Utover avkjøring og vegtrase er rammeløyvet gjeve i samsvar med søknad dgs.30.08.05.

Det vert gjeve løyve til å leggja inn vatn i hytta og nytta vassklosett. Avløp skal gå via minireinseanlegg i samsvar med søknad. Det skal byggjast ny infiltrasjonsgrøft for avløp frå minireinseanlegget.

Søknader om ansvarsrettar vert godkjent og fylgjer kvittert i retur.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0047/05

### **DELINGSSAK GNR 24, BNR 1.- KLAGE**

#### **Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring på staden.

Utvalet drøfta saka og vedtok samrøystes at klagen ikkje vert teken til fylgje. Det inneber at tidlegare vedtak vert ståande.

#### **Vedtak:**

Klage på vedtak i sak 35/05 i naturutvalet dagsett 26.09.05 vert ikkje imøtekomen. Utvalet finn ikkje at det ligg føre nye grunnar som talar for å endra vedtaket.

0048/05

### **NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.**

#### **Handsaming i møte:**

**Idar Reistad** sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Saka gjeld Statsnett sine planar om bygging av ny 420 kV kraftlinje frå Sima til Børdal i Samnanger. Statsnett har førehandsmeldt to alternative trasèar gjennom Samnanger. Begge alternativa viser linje i luftspenn.

Samnanger kommune er i hovudsak eining med forslag til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) og dei tema som skal utgreiast. Av dei ulike alternativa som det er vist til i KU-programmet, synest det før konsekvensane er utgreidd som alternativ 1.0 er det beste for Samnanger sin del. Dette alternativet vil fylgja eksisterande 132 kV linje gjennom Samnanger til Børdalen. Det andre alternativet vil gå nord om Svartavatnet og møta eksisterande 300 kV linje sør om Kvanndalsvatnet.

Etter folkemøte om linja, konkluderar me med at det folk i Samnanger er mest oppteken av er om denne linja på lang eller kort sikt vil tvinga fram ei ny stor 300 (420) kV linje gjennom Samnanger, slik BKK hadde planar om i 1996. Det var i 1996 svært sterke protestar mot begge alternativa som BKK la fram. Kommunen har inntrykk av at motstanden mot desse planane ikkje har minka med åra. Denne meldinga omhandlar ikkje evt. vidareføring fram til Bergen. Kommunen vil difor krevja ei viss utgreiing om trongen for ny linje Samnanger – Bergen som fylgje av den nye planlagde linja eller om det finst andre alternativ som ikkje krev ny linje vidare mot Bergen på kort eller lang sikt.

Kommunen vil koma med fylgjande krav som må innarbeidast i endeleg KO program.

1. Kommunen stør kravet frå Hardangerkommunane (Hardangerrådet) om utgreiing av kabling i sjø/jord av linja i staden for luftspenn. Me set då krav om at dette må omfatta heile strekninga og ikkje berre sjøkabel.
2. Det er og kome forslag om utgreiing av kabel kombinert med biltunnel under Kvamskogen. Kommunen stiller seg positiv til at dette bør utgreiast, men stiller som krav at også konsekvensane for dei områda som vert råka av eit slikt tiltak vert utgreidd. Forslaget om tunnel syner m.a. innslag i Mørkhølen. Kommunen viser til at tiltaket vil koma i kontakt med det freda Eikjedalsvassdraget. Mørkhølen med fossen er og eit særst verdifult naturområde med stor interesse for turistar. Det er såleis viktig å sjå korleis tilhøva vil verta med innslag ved Mørkhølen og kva alternative løysingar som finst for å unngå for store inngrep. Ein tunnel under Kvamskogen vil og føra til auka trafikk på RV 7 gjennom Samnanger. Konsekvensar av dette og kva tiltak som må gjerast for resten av RV 7 gjennom Samnanger må og utgreiast.
3. I arbeidet med å vurdere konsekvensane må det takast særleg omsyn til at linjene vil gå gjennom eit verna vassdrag.
4. Det må utgreiast meir konkret kva evt. ei ny 420 kV linje Sima – Børdal vil ha for trongen for ny 300 (420) kV linje Samnanger – Bergen. Ein kjenner til at BKK nyleg har utarbeidd ein kraftforsyningsplan for Bergensområdet. Konklusjonane her må innarbeidast i konsekvensutgreiinga slik at den i best mogleg grad vil synleggjera om det er trong for ny linje til Bergen frå Børdal eller kva andre alternativ som finst. Bakgrunnen for dette kravet er at både folkemøte og erfaring frå konsesjonssøknaden frå BKK i 1996 viser at det er svært stor motstand mot å få enda ei stor kraftlinje gjennom kommunen.

0049/05

**SAL AV GNR 26, BNR 27 OG 31 - HAGAMULEN.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Kommunal eigedom i Hagamulen vert lyst ope ut for sal. Administrasjonen utarbeidar eit framlegg til prospekt som m.a. skal omfatta kva kriteria kommunen vil nytte ved sal av eigedomen. Saka vert lagt for naturutvalet før utlysing.

#### **Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Kommunal eigedom i Hagamulen vert i første omgang tilbydd seld til vedkomande som først tok kontakt med kommunen om kjøp av eigedomen. Dersom vedkomande seier frå seg tilbudet, vert eigedomen lyst ope ut for sal.

Administrasjonen utarbeider eit framlegg til prospekt som m.a. omfattar kva kriteria kommunen vil nytta ved sal av eigedomen.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 1 røysta for framlegget frå Sture Tveit og 4 røysta for framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Kommunal eigedom i Hagamulen vert lyst ope ut for sal. Administrasjonen utarbeidar eit framlegg til prospekt som m.a. skal omfatta kva kriteria kommunen vil nytte ved sal av eigedomen. Saka vert lagt for naturutvalet før utlysing.

0050/05

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.11 BNR.7 SKAR**

**Framlegg til vedtak::**

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.11 bnr.7 Skar.

Med heimel i plan og bygningslova § 74 vert det kravd at det skal vera heil grunnmur under hytta, det vil seia at det ikkje er lov å byggja hytta på pelar.

Med heimel i plan og bygningslova § 68 vert det kravd at hytta vert plassert lenger mot øst (nordøst) enn synt på situasjonsplan, for å sikra mot rasfare. Hytta skal plasserast i samråd med teknisk eining.

Utover ovannemnde er byggjeløyve gjeve i samsvar med søknad dgs.10.08.05.

Det skal nyttast biologisk verkande toalett, det er ikkje lov å innstalera vassklosett.

Det vert godkjent å leggja inn vatn i hytta. Utslepp av vaskevatt skal utførast i samsvar med krav i forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg, med retningsliner.

Søklar vert godkjent som sjølvbyggjar. Det tyder at han sjølv, eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I medhald av plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for hytte på gnr.11 bnr.7 Skar.

Med heimel i plan og bygningslova § 74 vert det kravd at det skal vera heil grunnmur under hytta, det vil seia at det ikkje er lov å byggja hytta på pelar.

Med heimel i plan og bygningslova § 68 vert det kravd at hytta vert plassert lenger mot øst (nordøst) enn synt på situasjonsplan, for å sikra mot rasfare. Hytta skal plasserast i samråd med teknisk eining.

Utover ovannemnde er byggjeløyve gjeve i samsvar med søknad dgs.10.08.05.

Det skal nyttast biologisk verkande toalett, det er ikkje lov å innstalera vassklosett.

Det vert godkjent å leggja inn vatn i hytta. Utslepp av vaskevatn skal utførast i samsvar med krav i forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg, med retningsliner.

Søkjast godkjent som sjølvbyggjar. Det tyder at han sjølv, eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0051/05

### **VEDTEKT TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 105 OM UTFORMING OG PLASSERING**

#### **Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke:

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt vert vedteken slik den ligg føre.

#### **Vedtak:**

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt vert vedteken slik den ligg føre.

0052/05

### **SØKNAD OM FRITAK FRÅ BU- OG DRIVEPLIKT GBNR 44/3,17 - NORVALL JOHNSEN**

#### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gjev varig fritak frå bu- og driveplikt på gbnr. 44/3 og 17 til Norvall Johnsen. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Norvall Johnsen må så langt mogeleg halda kulturlandskapet i hevd, samt forvalta utmarka.

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune gjev varig fritak frå bu- og driveplikt på gbnr. 44/3 og 17 til Norvall Johnsen. Vedtaket har heimel i odelslova § 27a.

Norvall Johnsen må så langt mogeleg halda kulturlandskapet i hevd, samt forvalta utmarka.

0053/05

## **DISPENSASJON FRÅ FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN I EIKEDALEN**

### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om opparbeiding av infrastruktur før byggjeløyve kan gjevast, for reguleringsplan med føresegner for Eikedalen hyttetun, for oppføring av visningshytte.

Teknisk eining kan med denne dispensasjon gje byggjeløyve for hytte på tomt nr.12.

Det skal ikkje gjevast ytterlegare byggjeløyver før krav i føresegner om utbyggingsrekkefylgje er oppfylt.

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kravet om opparbeiding av infrastruktur før byggjeløyve kan gjevast, for reguleringsplan med føresegner for Eikedalen hyttetun, for oppføring av visningshytte.

Teknisk eining kan med denne dispensasjon gje byggjeløyve for hytte på tomt nr.12.

Det skal ikkje gjevast ytterlegare byggjeløyver før krav i føresegner om utbyggingsrekkefylgje er oppfylt.